

## Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

**Sigbjørn Framnes, Frp**, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 1

Hordaland fylkeskommune likestiller begge målformene.»

**Aud Karin Oen, SV**, sette på vegner av SV, R og V slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt punkt 4:

4. Fylkestinget vedtek at Skyss brukar nynorsk i Bergen på same måten som elles i fylket. Dette fordi rutetilbudet i Bergen òg er til for kollektivreisande i Hordaland og administrasjonspråket er nynorsk.

Nytt punkt 5:

5. Fylkestinget vedtek at alle dei fylkeskommunale vidaregåande skulane primært administrerer og marknadsfører seg på nynorsk.

Nytt punkt 6:

6. Fylkestinget vedtek at alle tekstar som fylkeskommunen betalar eksterne tekstprodusentar for, og som skal brukast i samanhengar der fylkeskommunale institusjonar brukar nynorsk, bør leverast på nynorsk av desse eksterne tekstprodusentane.»

### Røysting

Framnes sitt forslag fekk 7 røyster (Frp) og fall.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag fekk 38 røyster (KrF, R, SV, Sp, V, A, MDG) og vart vedteke.

### Vedtak

1. Fylkestinget stadfestar at nynorsk er administrasjonsmålet i Hordaland fylkeskommune slik det er innarbeidd i reglement og retningslinjer.
2. Fylkestinget ber om at målvedtak og språk meir generelt i den nye fylkeskommunen vert teke opp i samanslåingsprosessen som er i gang.
3. Fylkestinget oppmodar den nye fylkeskommunen om å gjera vedtak om målform så snart som råd er etter samanslåinga 1.1.2020.
4. Fylkestinget vedtek at Skyss brukar nynorsk i Bergen på same måten som elles i fylket. Dette fordi rutetilbudet i Bergen òg er til for kollektivreisande i Hordaland og administrasjonspråket er nynorsk.
5. Fylkestinget vedtek at alle dei fylkeskommunale vidaregåande skulane primært administrerer og marknadsfører seg på nynorsk.
6. Fylkestinget vedtek at alle tekstar som fylkeskommunen betalar eksterne tekstprodusentar for, og

som skal brukast i samanhengar der fylkeskommunale institusjonar brukar nynorsk, bør leverast på nynorsk av desse eksterne tekstprodusentane.